



Kjell Kålås
Hjelmåsen 1
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3599 - 16/32227

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.12.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 202/1 Hjelmås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.11.16.

Planstatus

Eigedomen er uregulert i det som i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 er avsett til LNF-føremål.

Slik vi forstår søknad er det snakk om oppføring av reiskapshus på gbnr. 202/1 som skal brukast av eigedom gbnr. 202/37. Landbruksavdelinga hjå Lindås kommune har konkludert med at tiltaket er i samsvar med LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan.

Teikningar

Motteken situasjonsplan er mangelfull, det er ikkje påført minste avstand til eigedomsgrense og heller ikkje til vegmidte. Vidare er ikkje ytre hovudmål påført garasjen.

Det er ikkje levert inn teikningar som syner fasadar på reiskapshuset.

Tilhøve kring anna regelverk

Det kan sjå ut som om at det går ei høgspenline i nærleik til omsøkt garasje plassering, vi vil tilrå at de tek kontakt med BKK for å avklare om plassering er i samsvar med regelverk som BKK handsamar.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må leverast oppdatert siutasjonkart der minsteavstand til eigedomsgrense og vegmidte E39 og Fv391 er påført situasjonkartet. Vidare skal ytre hovudmål på garasjen vere påført situasjonkartet.
2. Det må leverast inn fasadeteikningar av byggets fire fasadar.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 31.01.17**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Vi gjer merksam på at skriv datert 31.10.16 frå Statens vegvesen er ei uttale, det er ikkje gjeve dispensasjon frå avstandskrav til E39.

Lindås kommune vil tilskrive Statens vegvesen og orientere om at det for det aktuelle tiltaket ikkje er vurdert naudsynt med dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommuneplan. Når det ligg føre dispensasjon i høve avstandskrav til E39 vil kommunen handsame søknad om dispensasjon frå Fv 391 jf. § 1.6 i gjeldande kommuneplan, samt søknad om løyve til oppføring av reiskapshus .

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell Kålås

Hjelmåsen 1

5915

HJELMÅS